



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato
04.06.2018
Dykkar dato
24.05.2018

Vår referanse
2018/2642 612
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Tildelingsbrev - Lindås - Kompetansemidler barnehage 2018

Lindås kommune får utbetalt kr. 263 450,- til kompetansetiltak for tilsette i barnehagar i barnehageåret 2018 - 2019. Tildelinga er gjort med bakgrunn i Fylkesmannen si utlysing og søknad frå kommunen.

Midlane vil om kort tid bli overførte til Lindås kommune, organisasjonsnummer 935084733, bankkonto 3201 05 89311.

Om tilskotet

Fylkesmannen tildeler 8 954 millionar kroner til kompetanseutvikling i barnehagane i Hordaland. Midlane har vore utlyst på Fylkesmannen si nettside og i brev til kommunane med søknadsfrist 20. mai 2018.

Kommunen som barnehagemyndigheit skal gjennomføre tiltak for å auke kvaliteten i barnehagane gjennom eit samarbeid med kommunale og private barnehageeigarar.

Kva midlane skal brukast til

Formålet er å oppfylle lokale mål i samsvar med føringane som ligg i revidert kompetansestrategi 2018 - 2022, og i samsvar med søknaden dykkar. Ein viktig premis er at minst 70 prosent skal gå til utviklingsarbeid i den enkelte barnehage. Ein skal nytte eksterne fagressursar eller eigne ressursar med særskild kompetanse på området.

Eigar og styrar vil vere ansvarleg for denne oppfølginga, og den skal omfatte alle som arbeider med barn i barnehagen.

Kommunar skal ta omsyn til andelen private og kommunale barnehagar i kommunen når det gjeld fordeling av midlane.

Tilrettelegging for studie

Kunnskapsdepartement har auka rammene for tilskotet, og beløpet er difor større enn tidlegare meldt til dykk. Vi oppmodar difor kommunane om å gi tilskot til eigarar lokalt som vil leggje til rette for tilsette som tek deltids- eller arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning. Informasjon om tilretteleggingstilskot er å finne på nettsida til Fylkesmannen. [Bruken-av-tilretteleggingsmidlar-for-studier](#)

Rapporteringskrav med frist 31. desember 2018.

Midlane kan brukast i heile barnehageåret 2018 - 2019. Kommunen må leggje konkrete planar for våren 2019 til grunn for rapporteringa ved årsskiftet.

Kommunen må registrere kva midlane går til og kor mange tilsette frå kommunale barnehagar og frå private barnehagar som faktisk har deltatt i tiltak og i prosjekt lokalt. Dette blir det spurt etter i rapporten. Det er ikkje tilstrekkeleg å skrive at alle har fått tilbod om å delta.

Lenke til rapporteringsskjema blir sendt ut i god tid før rapporteringsfristen.

Fylkesmannen kan føre kontroll

Fylkesmannen og Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at tilskotsmidlane blir brukte etter føresetnadene, jf. Løyvingsreglementet § 10 og lov om Riksrevisjonen § 12.

Dersom føresetnadene for å få tilskot ikkje er oppfylte, eller ved manglande rapportering, kan Fylkesmannen krevje tilbake tilskot.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift